

# **FOSSHAGEN UTDANNINGSBARNEHAGE**



# **INFORMASJON TIL FØRESETTE**

## **TIL FØRESETTE**

Hei, og velkommen til Fosshagen utdanningsbarnehage. Vi gler oss til å bli kjent med dykk og håpar de vil trivast hjå oss!

## **BARNEHAGEN VÅR**

Fosshagen utdanningsbarnehage har sju avdelingar. Vi opna hausten 2020 og bur oss sakte, men sikkert inn i det flotte, runde bygget vårt. Avdelingane har fått namn etter fine fotturar i nærområdet. Kortare turar for småbarnsavdelingane og nokre meir krevjande fjelltoppar for storbarsavdelingane.

Avdelingane heiter:

Nuken

Fagereggi

Laugi

Stedjeåsen

Blåfjell

Togga

Tylderingen

Dette heftet gir dykk litt praktisk informasjon om barnehagen og tips og råd knytt til oppstart. For å få meir innblikk i det pedagogiske arbeidet vårt og meir utfyllande informasjon om barnehagen, sjå årsplanen.

## KONTAKT

Sogndal kommune brukar Visma som informasjons- og kommunikasjonskanal med føresette. Last ned appen «Visma barnehage» på telefonen din. Her vil du kunne sende direkte meldingar til avdelinga di, melde inn om barnet ditt skal ha fri eller er sjuk, få viktige beskjedar og informasjon frå barnehagen og sjå biletet frå kvardagen. På heimesida til Sogndal kommune vil du finne generell informasjon om Fosshagen utdanningsbarnehage. Her ligg lenke til årsplan og rammeplan, samt kontaktinformasjon til avdelingane.

Telefonnummer til avdelingane:

Nukan: 90 75 10 68

Fagereggi: 47 61 17 41

Laugi: 90 82 52 74

Stedjeåsen: 90 81 96 04

Blåfjell: 90 72 64 92

Togga: 90 50 62 67

Tylderingen: 90 16 38 68

## EIN GOD START

Å byrje i barnehagen for fyrste gang, eller byrje i ny barnehage, er ein stor overgang i barnet sitt liv. For at overgangen skal bli best mogleg er det viktig å bruke god tid saman med mor eller far i barnehagen dei fyrste dagane. Målet er å skape tryggleik og gjere det spennande og lystbetont for barnet ditt å komme tilbake til barnehagen.

## OVERGANGEN STARTAR HEIME

Før oppstart får de tilsendt eit brev frå avdelinga med bilete av dei tilsette og litt informasjon om oppstarten.

Å bli kjent og trygg tek tid. Difor er det fint om de kan starte å førebu barnet på overgangen i god tid før den første dagen i barnehagen.


Du kan førebu barnet ditt gjennom å snakke positivt om barnehagen, leike på uteområdet vårt om ettermiddagane, sjå på bilete av oss og synge. Like før oppstart inviterer vi nye barn og foreldre på besøk.

Vi inviterer til informasjonsmøte for nye foreldre kvar vår. Her vil du få litt generell informasjon om barnehagen, møte pedagogisk leiar på avdelinga og sjå barnehagen og avdelinga. Vi legg også opp til ein foreldresamtale ei tid etter oppstart. Når du er trygg på at barnet ditt vil få det godt i barnehagen vil barnet også verte tryggare.

# Trygghetssirkelen

## Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999



## TILKNYTING OG OPPSTARTSKONTAKT

Barnet er avhengig av nære omsorgspersonar. Som føresett er du gjerne barnet sin primære tilknytingsperson. Det vil seie at barnet søker deg for trøyst og tryggleik når han eller ho har behov for det. Kanskje fungerer besteforeldre eller anna familie eller venner som andre nære tilknytingspersonar for barnet. Dei tilsette i barnehagen skal også etter kvart fungere som nære tilknytingspersonar for barnet ditt.

Små barn treng ei trygg tilknyting for å kunne utforske og ha ei trygg hamn å komme tilbake til. Når de er på tilvenning i barnehagen er du denne trygge basen som barnet kan utforske omverda ut i frå. For at barnet skal bli trygt i barnehagen må vi som personale arbeide for at barnet knyter seg til oss. I starten vil de få ein oppstartskontakt. Dette er ein av dei tilsette på avdelinga som har særleg ansvar for å møte barnet og dykk som føresette. Oppstartskontakten har hovudansvar for barnet så lenge barnet har behov for det, men vi arbeider heile tida for at barnet skal bli trygg på alle tilsette på avdelinga.

## OVERGANGSOBJEKT

Mange barn har ein kosebamse, klut, smokk eller anna som dei er tett knytt til. Eit overgangsobjekt er noko som er trygt og godt for barnet og som kan fungere som hjelp i overgangen mellom heim og barnehage. Slike overgangsobjekt hjelper barna å halde fast i opplevinga av å vere trygge og er derfor gode å ha med seg.

Bøker og songar som er kjente for barnet kan også vera med å trygge i starten, så sei gjerne i frå om bøker og songar som barnet ditt er glad i.

## TIPS TIL FØRESETTE VED OPPSTART

1. *Bli kjend med oss i barnehagen* - dersom barnet dykker ser at de er trygge på dei vaksne, kan det gjere overgangen lettare. Når vi vaksne pratar, smiler og ler saman, vil dette hjelpe barnet til å oppleve tryggleik og raskare finne seg til rette i barnehagen.
2. *Bli kjent med den nye kvardagen saman med barnet ditt* - vis interesse og ver nysgjerrig ovanfor dei nye omgjevnadene og menneska; både store og små.
3. *Kva om barnet gret når du forlet barnet i barnehagen?*  
Det er heilt naturleg at barnet reagerer. Gråt er barnet sin måte å kommunisere at dette opplevast litt vanskeleg. Primærkontakten vil bekrefte barnet sine følelsar og trøyste barnet, og fortelje at du kjem tilbake. Om vi ikkje klarer å roe eller trøyste barnet, skal du vere trygg på at vi ringer. Du er den næreste tilknytingspersonen, og så lenge du er i nærleiken vil barnet søke deg for trøyst. Når du ikkje er der vil primærkontakten og etter kvart dei andre tilsette på avdelinga vere trygge tilknytingspersonar som barnet søker til for trøyst og tryggleik.
4. *Å leve barnet frå deg.* For dei fleste foreldre kan det vere vanskeleg å gå frå barnet. Særleg vanskeleg kan det vere aller fyrste gongen. Stol på at vi gir barnet ditt

omsorg og trøyst og at det er trygt å gå i frå. Dersom du er veldig usikker, vil barnet merke dette og sjølv bli usikker. Sei ”ha det”, gje ein kos/vinke, gje evt. barnet til ein voksen og gå, ikkje dra ut avskjeden. På denne måten får barnet tillit til deg. Barnet veit at du går, men også at du kjem tilbake. Då vert avskjeden etter kvart forutsigbar og trygg for barnet.

5. *Ver førebudd på at barnet kan få ein reaksjon to - tre veker etter oppstart.* Mange inntrykk skal bearbeidast og det viser seg at oppstart i barnehage aukar stressnivået for barna i ein periode. Enkelte søv kanskje uroleg om natta, endrar etevanar eller treng meir ro og kvile. Etter kvart som barna vert kjente og trygge vil dette gå over. Vi legg opp til rolege veker den første tida og gjer det vi kan for at barna skal få forutseielege dagar i barnehagen.
6. *Lag avtalar med barnet før de går heimefrå om avskjeden i barnehagen.* Barnet veit at du må gå og kvifor. Til dømes ”eg vert med inn, du får ein klem, eg går, vi vinkar til kvarandre, eg hentar deg når eg er ferdig på jobb”.
7. *Når du hentar barnet.* Ofte kan barnet protestere og vil ikkje heim, og hentinga dreg ut. Det er normalt. Gje uttrykk for at du forstår barnet, at det er moro å leike, men no skal vi heim.

## *8. Kva gjer eg i barnehagen når eg er der på tilvenning?*

Mange kan føle seg overflødige og i vegen på tilvenningsdagane. Dei er usikre på kva rolle dei har. Normalt har vi ikkje alle dei nye til same tid, men det kan verte ganske folksamt på avdelinga med mange nye barn og foreldre. Din viktigaste rolle er å vere der som tryggleik for barnet ditt. Hjelp barnet med å komme i gang med leik. Sett deg ned og ver ein trygg base for barnet ditt. La barnet få utforske og slipp personalet til. Det er viktig for barnet ditt å sjå at du føler deg heime, at du pratar med personalet og dei andre barna.

## *9. Kva med alt eg lurer på? Det er nok mange ting du lurer på den første tida - kvifor gjer dei det slik? Kva meinings har dette? Vi brukar å gjere det på ein annan måte! Du skal berre spørje. Vi set pris på at du stiller spørsmål ved vår praksis, vår måte å gjere ting på.*




Foto: Endre Romøren

## EIN FIN START PÅ DAGEN

Morgonlevering blir eit viktig ritual i kvardagen dykkar, der samspelet mellom våre medarbeidarar, barnet og deg kan vere utslagsgjevande for korleis starten på dagen blir. Vi gjer det vi kan for at overleveringa blir ein hyggeleg og varm start på dagen.

På småbarnsavdelingane møter vi dykk i garderoben, og ynskjer barnet velkommen til ein ny dag i barnehagen. På denne måten gjer vi velkomsten til noko spesielt, og får eit godt utgangspunkt for ein fin dag. Samtidig er det viktig at du seier ordentleg "ha det" til barnet ditt før du reiser. Dette gjev barnet ro til å komme i gang med leik og andre aktivitetar, og tryggheit på at du kjem tilbake.

På storbarnsavdelingane ligg inngangane slik til at vi ikkje alltid vil kunne møte dykk i garderoben. Då er det fint om de følgjer barnet inn til oss. Etter kvart som barna vert eldre kan det også vere godt å kjenne på at ein klarer å gå inn på avdelinga heilt sjølve utan at de følgjer inn. Dette kan vere ei god erfaring å ha med seg for barna når dei startar på skule og SFO.

Sjølv om barna etter kvart vert meir og meir sjølvstendige, ber vi dykk om alltid å seie i frå til ein i personalet når de kjem for å hente barnet dykkar.

## **EKSTRA OMSORG PÅ UTFORDRANDE MORGONAR**

Nokre gongar går leveringa som ein leik, og barnet kan ikkje komme seg inn fort nok til å starte leiken. Andre dagar kan vere litt meir utfordrande. På slike dagar er vår erfaring at det er ein fordel å ikkje drøye avskjeden for lenge. Sei "ha det" og gje barnet til den vaksne som tek imot. På slike dagar gjev vi ekstra omsorg, og barnet ditt vil som regel roe seg ganske fort. Dersom dette ikkje er tilfelle vil vi alltid ringe deg. Du kan også ta kontakt med oss på telefon/sms eller Visma.

Andre barn kan også ha utfordrande morgenar, og innimellom hender det at fleire treng ekstra merksemd samtidig. I slike tilfelle håper vi på forståing og litt tolmod, og tar veldig gjerne imot litt støtte frå deg til å hjelpe barnet ditt i gang med barnehagedagen.

## **VIKTIGE BESKJEDAR OG INFORMASJON**

Nokre gongar treng du å formidle beskjedar til personalet på avdelinga når du leverer om morgenon. Det kan vere at barnet har sove därleg, eller at bestemor skal hente barnet i dag. Alle slike beskjeder kan du anten gje munnleg ved levering, eller sende oss ei melding i Visma.

## UTSTYR

Her finn du ei lita liste over utstyr barnet bør ha i barnehagen. Når det gjeld soving, så sov barna i vogner på eige soverom. Vi ynskjer at de tek med vogn til dette. Det gir ekstra tryggleik for barna med ei kjend vogn å sove i. De vel sjølv om de ynskjer at vogna skal stå her eller ikkje.

- Smokk/kosedyr/koseklut ved behov
- Dei som bruker bleier må ta med dette (helst ikkje trusebleier)
- Vogn til å sove i (kan vere den vogna de brukar til vanleg)
- Drikkeflaske
- Regndress/utekle

Barnet må ha med ekstra klesskift (1-2 sett) med namn i, tilpassa årstida. For eksempel:

- Undertøy
- Strømper
- T-skjorte
- Genser
- Bukse

Vi ynskjer at barnet ikkje tek med seg private leiker heimefrå til barnehagen. Avdelingane gir heller beskjed om det er dagar det er lov å ta med eigne leiker.

Om barnet treng bamse, klut eller liknande til soving eller under oppstart, så er dette sjølvsagt lov.

## NÅR DET ER KALDT ELLER VÅTT UTE

Vi er mykje ute, så når det er kaldt treng barna godt med kle. Her er tips til kva barna treng:

Innerste lag: Når det er kaldt er det fint med ullstillongs, ulltrøye og ullsokkar. Ull held barna varme sjølv om dei vert litt fuktige i løpet av dagen.

Mellomlag: Fleece og/eller ull. Bukse, gensar eller heildress. Dette bør alltid vere tilgjengeleg i barnehagen.

Ytterlag: Vindtett og vasstett yttertøy. Barna bør alltid ha både regntøy og parkdress tilgjengelig i barnehagen. Pass på at det er strikk under foten. Då sklir ikkje dressen over støvelkanten, og barna blir ikkje så lett våte.

Vottar, regnvottar, hals og hue er lurt å alltid ha tilgjengeleg. Støvlar (gjerne med fór) og varme vintersko som toler litt vatn gjer uteleiken kjekkare 😊

## DAGSRYTME

Den første tida på småbarnsavdelingane vil mykje handle om å følgje barna sin rytme. På sikt arbeider vi mot at barna et og sov til same tid, og dagsrytmen vil vere:

- 7.15 Barnehagen opnar.  
Frukost fram til kl. 9.00 (dei som vil ete frukost i barnehagen tek med mat)
- 9.30 Frukt/grønsaker/knekkebrød
- 9.45 Leik og aktivitet inne/ute/tur
- 11.00 Lunsj
- 11.30 Sovning/kvilestund
- 13.00 Roleg aktivitet
- 14.00 Frukt/knekkebrød
- 14.30 Leik inne/ute
- 16.15 Barnehagen stenger

Den pedagogiske kjernetida er mellom 9.30 - 14.00, her vil hovudvekta av alle aktivitetar og turar vere. På storbarnsavdelingane er dagsrytmen meir fleksibel. Vi et som regel lunsj rundt kl. 11.30.

Vi legg opp til tre måltid om dagen og har fokus på eit sunt kosthald. Godt brød med ulike påleggsval med mjølk og vatn til. Ein dag i veka serverer vi varmmat.

## ALDERSGRUPPENE VÅRE

I barnehagen skal barna oppleve progresjon. Det vil seie at dei skal få ulike erfaringar og utfordringar etter kvart som dei vert eldre. Difor deler vi oss av og til i aldersdelte grupper både innafor kvar avdeling og på tvers av avdelingane.

Vi har gitt aldersgruppene våre namn etter bær:

1-2 åringane: Tyttebær

2-3 åringane: Blåbær

3-4 åringane: Molter

4-5 åringane: Bringebær

5-6 åringane: Jordbær

Korleis vi arbeider med progresjon for dei ulike gruppene og meir om det pedagogiske arbeidet kan du lese om i årsplanen vår.

## **UTEOMRÅDET**

Vi har eit stort, flott uteområde. På nedsida av bygget er leikeplassen lagt til rette for dei minste barna. Det er stort sett her dei som går på småbarnsavdelingane er ute og leikar. Dei store barna har uteområdet sitt på oppsida og i hagen. Her gir leikeapparata større utfordringar. I hagen har vi amfi og grillhytte, så det er ein flott samlingsplass. Vi har også eit skogsområde som vi driv og arbeider med på dugnad saman med dykk foreldre. Her har me gapahuk og kjekke leiker.

## **PARKERING**

Vi har ein liten parkeringsplass utanfor barnehagen. Denne er kun til levering og henting. Køyr forsiktig, det blir ofte tett med bilar. Parker med snuten fram. Vi oppmodar alle som kan det om å gå eller sykle.

Det er også viktig at de alltid let att grindene!

## **VELKOMMEN TIL OSS!**

Vi håpar på eit godt samarbeid og mange fine opplevingar i lag.

Ta kontakt om du lurer på noko!

